



NB! Før du begynner å lesa, må du vite at dette brevet er topp hemmeleg og kun må lesast av 3. klassingar, foreldre eller andre vaksne.

Me treng deg som tårnagent i Varhaug kyrkje!

Difor ynskjer me alle 3. klassingar velkomne til Tårnagenthelg i Varhaug kyrkje!

Aspirantmøte og agentopptak lørdag 24. januar kl. 10.00 – 13.00.

Her vil alle aspirantane få delta på ei topp hemmeleg agentopptaksløype og verta tatt opp som tårnagent i Varhaug kyrkje. Alle agentar vil få utdelt bevis på at dei er tårnagentar.

Ein tårnagent er ein som bryr seg, hjelper og er god mot andre.

Sundag 25. januar kl. 11.00 vert det familiegudsteneste. Då vil alle tårnagentar få delta med ulike oppgåver i gudstenesta. Kjekt om alle foreldre, sysken, familie og kjem på gudstenesta.

Me håpar du har lyst til å vera med. Opplegget er gratis.

Påmeldingsfrist: 20. januar. Påmelding finn de på www.varhaugkyrkje.no

Helsing – fullt hemmeleg – frå oss i Varhaug kyrkje

Informasjon til føresette på baksida



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKJA



Utarbeidd i samarbeid med



Til føresette:

Me vil at alle barn som ynskjer å delta på Tårnagentane skal få moglegheit til det. Tårnagentane er heilt *gratis*, og det er *ope for alle* som går i 3. klasse frå Varhaug, Stokkalandsmarka og Vigrestad.

Invitasjonen om tårnagentane vert berre sendt i posten til dei som er medlemmar i Den norske kyrkja. Av den grunn er det nokre 3. klassingar som ikkje får denne informasjonen i posten. Veit du om nokon som ville hatt informasjon, kan du dela dette med dei, eller be dei ta kontakt med kyrkjekontoret.

Har din Tårnagent behov for tilrettelegging, eller er det ting me bør vita om i forkant (sosiale behov, sjukdommar eller allergiar), slik at han/ho kan få det så kjekt som mogleg i kyrkja, er det fint om de tek kontakt – eller skriv om det i påmeldinga.

For å gjennomføra samlingane treng me mange frivillige gruppeleiarar til agentløypa. Gruppene vil vera på 5-7 barn. Kan du tenka deg å vera med som frivilleg, kryssar du av i påmeldinga. De vil få god informasjon om kva de skal gjera på e-post i forkant av samlinga.

På familiegudstenesta på sundagen treng me agentar som vil vera med på drama, som forsangarar, dansa Bli-med-dansen, lesa bønner og lesa bibeltekster. Dersom de har ein 3. klassing som har lyst å vera med på noko av dette krysser de av i påmeldinga. Dei som skal vera med på drama og Bli-med-dansen skal øva laurdag 24. januar kl. 13.00. Dei som skal lesa tekster, bønner og væra forsangarar møter kl. 10.15 på sundagen. Alle agentar, og dei utan oppgåver, møter kl. 10.45. Alle agentane vil få utdelt ein diplom i gudstenesta. Ta med heile familien og kom på ei spanande agentgudsteneste i kyrkja.

Har de spørsmål, er det bare å ta kontakt med kyrkjelydspedagog: kathrine.varhaug@hakyrkja.no eller mob.nr: 45 60 42 50.

Med venleg helsing
Kathrine Håland Varhaug

